



Indre Nordfjord Turlag



## Årsmelding Indre Nordfjord Turlag 2020



Lodalskåpa – Ljøbrekka – Kinesiske Mur – Via Ferata – Kom Deg Ut Dag

## Indre Nordfjord Turlag Årsmelding 2020

Årsmøtet for 2019 vart halde onsdag 20.november kl.19.00 på Stryn Vidaregåande Skule. Det møtte 29 personar. Dei vanlege årsmøtesakene vart godkjende, med forbehold om at revisor ikkje hadde merknadar til rekneskapen. Revisjonsmeldinga var ikkje klar til årsmøtet. Av dei som stod på val i hovudstyret sa Jan Skaare frå seg attval, inn som ny styremedlem Bente Sunde. Ingvild Kvame tok ikkje attval i Barnas Turlag, denne gruppa styrka seg med 2 nye – Siv Merete Aasebø og Reidun Sandnes. I Bre og Fjellsportgruppa takka Per Jakob Kyrkjeide nei til attval og ny medlem her vart Bente Sunde.

### Hovudstyret i Indre Nordfjord Turlag 2020

Leiar	Olav Auflem
Nestleiar	Odd Henrik Berge
Sekretær	Siv Solheim
Økonomiansvarleg	Idar Skogli
Styremedlem	Bente Sunde
Styremedlem	Renate Berstad
Styremedlem	Kristine Tonning
1.vara	Wenche Johanne Henden
2.vara	Eva Guddal
Revisor	Jon Valaker
Bre- og Fjellsportgruppa:	Leiar Siv Solheim – medlemmar – Jonny Hjelle/ Vidar Dysthe og Bente Sunde
Barnas Turlag:	Leiar Liv Sissel Dale – medlemmar – Siv Merete Aasebø/ Reidun Sandnes/Cecilie Myklebust og Martin Klaeson

Hyttestyret Vetledalssetra Stig Skåre/Per Jakob Kyrkjeide/Jon Erik Greidung og  
Dag Greidung

Nødbua Infimus Ansvarlege Arne Heggstad og Hans Støle

Året 2020 har vore spesielt på mange måtar. I styresamanheng har vi kun hatt 4 fysiske styremøter, resten har gått digitalt. Vi har likevel fått handsame rundt 30 saker. Mange av sakene har vore forbehold smittevernreglar og korleis turlaget har måtta forholde seg til dei. Vi har ikkje delteke på så mange fysiske møter som tidlegare år, fleire og fleire møter har blitt gjort tilgjengeleg digitalt.

Vi hadde eit håp om å runde 600 medlemmar i 2020 – det var før korona slo innover oss. Då er det svært gledeleg å vise til nok eit år med auke i medlemsmassen – Frå **590 til 608** . Ikkje den store auken – men i eit turbulent år som 2020 er dette fantastisk.

#### **Representasjon/utsendingar til møter 2020:**

Årsmøtet SFT	Olav Auflem/Renate Berstad/Idar Skoglid
Repr. i Jostedalsbreen	
Nasjonalparksenter	Olav Auflem
Kontaktpersonar Stryn Kommune/	
Dagsturhytta	Olav Auflem/Renate Berstad
Vara Sogn og Fjordane Turlag	Odd Henrik Berg
Digitale møter med SFT/andre	Olav Auflem ( 5 møter)
Årsmøte Bre/Fjellsport digitalt	Siv Solheim

#### **Kurs/Anna**

Skredvettdag	Hornindal Skisenter
Sherpakurs	I samband med styremøte
Tilskuddsportalen	Idar Skogli

## Aktivitetsåret 2020

Året starta med samanslåing av Sogn og Fjordane og Hordaland til Vestland Fylke. Diskusjon om Sogn og Fjordane Turlag skulle bestå eller samanslåast med Bergen og Hordaland Turlag var grundig debbatert gjennom heile 2019 og fram til årsmøtet til SFT på Skei i januar 2020. Der vart det bestemt at SFT fortsatt skal bestå med dei 14 lokallaga som er i dag. Dette er vi i Indre Nordfjord Turlag veldig godt nøgde med. Vi har tru på at identiteten til laga vert best ivaretatt på denne måten.

Eit rart og merkeleg turår er lagt bak oss. Frå stor optimisme og pågangsmot vart vi møtt av ein vegg i midten av mars – Då slo koronaen til – og Norge stoppa omtrent opp. Alt fokus var retta mot dette viruset Covid 19 som har fått store følger for mange. Såleis måtte også vi legge alle planar på hylla i påvente av smittevernreglar. Hytter vart stengde/turbøker vart henta inn/alle sosiale aktivitetar forsvann omtrent over natta. Turar vart avlyste til langt ut i juni. Etter ein fantastisk start på året med Kom Deg Ut Dag på Ullsheim – Randoneetur og Skredvettdag i Hornindal vart vi dagleg fora med nye reglar om smittevern.

Smått om senn turde vi å kome i gang i mai med nærturar . Avstandsreglar/Antiback og deltakerlister med namn og tlf.nr. vart fast inventar i sekken til turleiarane. Smittevernsporing måtte vere i orden. Etter kvart som vi vart fortrulege med alle desse nye reglane vart etter kvart Vetledalssetra opna for overnatting (helst med førehandstinging) – Dagsturhyttene vart opna att – Bøker kom ut att i Turbo – kassane og vi kom i gong med større og større fellesturgrupper. Det store spørsmålet var om vi turde å gå Lodalskåpa med utstyr som måtte handterast på en ny måte. Med redusert total deltakarar fekk vi ein fantastisk tur. Med overnattingstur over Jostedalsbreen og to flotte turar - Kinesiske Mur og Oldeskaret greidde vi å gjennomføre ein grei tursesong . Og ikkje minst – Onsdagsturane våre har vore populære dette året – gode deltakertal – skikkeleg oppsving.

Som leiar vil eg rette ei spesiell takk til dei som har tatt eit ekstra tak i sommar og haust for å kunne opprettholde tilbuda våre både til medlemmar og andre.

Vi fekk i 2020 gjennomført 39 turar inkl. onsdagsturane . Med Kom Deg Ut Dagane til Barnas Turlag og Opptur som ekstra arrangement har vi hatt ca. 1150 innom våre arrangement ( av desse 425 barn og unge)

Prosjekt – utbedring av sti Skarsteinssetra – Honvasshytta er komt i gang. Vi samarbeider her med Olden Beitelag . Ei bru er komt på plass – over Svåna. Her hadde vi god hjelp av elevar frå Olden Barne –og Ungdomsskule til å bere på plass material. Dette var ein del av Opptur – arrangement i Olden.

Når det gjeld Dagsturhytta i Stryn har vi fått på plass rikeleg med ved – og hatt jamt tilsyn med hytta. Her er det også planar om å gjere den meir attraktiv/lettare tilgjengeleg.

Utleige av Randoneutstyr har vore formidabelt - så også i 2020 har det vore investert i meir utstyr.

**Vi har greidd å gjennomføre ein tursesong utan at smitte av Covid 19 kan sporast tilbake til nokon av våre aktivtetar. Dette er vi utruleg glade for – også takka vere at enkeltpersonar har tatt smittevernreglane på alvor.**

Olav Auflem

- leiar



## Årsmelding for Barnas Turlag 2020

Dette vart eit rart år. Men begynnelsen var veldig bra. Vinterens Kom Deg Ut-dag 2. februar vart arrangert på Ullsheim, og ca 100 små og store møtte opp. Været var ikkje det beste i begynnelsen, men etter kvart kom det seg og sola kom fram. I mars kom Corona-pandemien til Stryn og det vart full nedstenging av samfunnet, så 1.mai-turen, og årets kick-off for Turboturane, vart avlyst. Vi ville likevel oppmode folk og barn om å komme seg ut i naturen, så vi la litt jobb ned i å skrive ein info om BT og alle Turboturane, som vi fekk laminert og hengt opp rundt om i Stryn og bygdene rundt, samt Honndalen. Vi fekk også litt «gratis-reklame» då Sigrid Heggstad i Fjordingen tok kontakt og ville lage ein repotasje om laget. Den var på trykk 14.07 i Fjordingen.

22. August skulle BT ha ein fellestur til Grendasetra i Markane, men den måtte også avlystast, men denne gang pga sjukdom. 6.September vart haustens Kom Deg Ut-dag arrangert ved Nausta ved Stadion i Stryn. Dette vart ein kjekke dag, men litt anleis pga smittevern hensyna (vi fekk f.eks. ikkje fyre opp bålpanner og grille pølser). Men litt over 70 små og store tok turen og kosa seg med kanopadling, fiske og TurTipp.

I oktober skulle den årlege Lommelyktturen vorte arrangert, men den måtte vi også avlyse. Håpar få til ein annan kjekk aktivitet utover hausten/vinteren.

Det har vore utfordrande å planlegge/gjennom-føre turar og samtidig overhalde smittevernreglane. Så vore litt mindre «felles-aktivitet» i år. Men vi kjem forhåpentleg sterkare tilbake neste år.

Vi har også fått tre nye Turbokassar, kjøpt inn med midlar frå kulturmidlar Stryn Kommune og midlar frå Frifondsmidlar gjennom DNT som vi først tenkte henge opp før sommaren, men så gjekk tida... Så dei kjem opp i løpet av hausten, men dei er ikkje «gjeldande» før til neste år. Så i 2021 har vi 16 Turbo-kassar oppe. Håpar å få til ei skikkeleg markering når ein set 2021-sesongen i gang.

Dei som har vore i Styret i år er: Martin Fredheim Klaesson, Siv Merete Åsebø, Cecilie Myklebust, Reidun Elisabeth Sandnes og Liv-Sissel Dale. Vi har hatt 1 vanlege møter og 2 digitale møter, ellers har vi kommunisert ein del på Messenger og så har vi jo møtt kvarandre på desse arrangementa.

Liv Sissel Dale - leiar



Kom Deg Ut Dag vinter 2020/haust 2020



## Årsmelding Indre Nordfjord turlag Bre og Fjellsport 2020

Bre og Fjellsportgruppa har bestått av Jonny Hjelle, Vidar Dysthe, Bente Sunde og Siv Solheim

På grunn av corona vart mykje av turane avlyste, men vi rakk å arrangere Skredvettdagen 2020, og vi fekk også gjennomført den årleg turen til Lodalskåpa.

### Skredvettdagen 2020

Dette var ein felles dag for alle DNT laga, eit gratis lavterskeltilbod åpent for alle. Fokus er på trygg ferdsel i fjellet.

Dagen vart arrangert 09.02 på Hornindal skisenter, då det ikkje var nok snø i skianlegget i Stryn. Vi leigde inn Endre Vonheim. Han tok deltakarane gjennom ein skredworkshop med ei teoretisk økt inne og ei praktisk økt ute i terrenget. Det var øving på bruk av søkjar/sendar, og vurdering av trasevalg i terrenget. Det var i alt 16 deltakarar.

### Lodalskåpa 2020.

Det vart ein strålende tur med godt veir og kjekke turdeltakarar. Siv og Olav var turleiarar, og det var totalt med 23 stk på turen. Redusert antall pga covid 19 restriksjonar.



Årsmøtet i Bre og Fjellsport sentralt vart avvikla digitalt på teams.

Bre og Fjellsportgruppa Indre Nordfjord turlag

v/Siv Solheim

## Årsmelding Ung-gruppa 2020

Ung-gruppa har vore lite aktiv i år, men det har likevel vore tilbud for ungdom.

9. februar arrangerte INT skredvettdag i Hornindal skisenter der det deltok fleire ungdomar. Vi hadde fått midler til eit 1-dags skredkurs for ungdom, men ingen ville være med så det blei avlyst.

DNT-ung Sogn og Fjordane hadde lagt ein av turane på Base Camp-turnen til Stryn, men ingen melde seg på skituren på Tystigbreen.

Det var heller ikkje nokon respons på møtet vi fekk i stand med ung-ansvarleg i Sogn og Fjordane Turlag. Vi prøvde oss og med kanopadling på Lovatnet, men det var ingen respons.

Randoneeutstyret.

Etter at ein i 2018 kjøpte inn dei 6 første setta med randoneeutstyr, har ein sett att dette er det stort behov for. Dermed blei det kjøpt inn meir utstyr i 2019 og 2020 og ein har i dag 12 sett med randoneeutsyr ( består av ski med binding og feller, sko, staver, hjelm og skredutstyr). Utstyret er lokalisert på Årheim i Stryn og det har i år vore endå større etterspørsel etter å få låne dette. 75 ulike ungdomar har lånt utstyret ein eller fleire gonger (totalt 125 dager).

I tillegg har mange vaksne og lånt utstyr når det ikkje har vore opptatt til ungdom.

Ungdommer i INT låner gratis, mens andre betaler. Men det er mykje arbeid med utleige og vedlikehold, så ein bruker minst 100 dugnadstimer pr år på dette.

At ungdom kan kome seg ut på ski utan at ein må ha eige dyrt utstyr set mange pris på.

for Ung-gruppa

Odd Henrik Berge



Ski med tilbehør til utlån – 12 sett



### **Vetledalssetra ein fin sommardag**

Hytta på Vetledalssetra vart ikkje opna for overnatting før langt ut i juni grunna koronasituasjonen 2020. Folk var flinke å ta kontakt når dei skulle overnatte – då hadde vi meir kontroll med at det ikkje vart for mange i hytta samstundes.

I eit pandemiår var det i 2020 39 overnattingar og 75 dagsbesøk. Omtrent halvparten av dei som overnatta og besøkte hytta i 2019.

Viktigaste for oss var å kunne halde den open og at også smittevernreglane som vi hadde for hytta vart overholdt.

